

Tenester frå Jølster Kommune

Vedtaksnemnda i kommunen tildeler desse tenestene etter søknad og fagleg vurdering. Det er årleg prisjustering for tenestene.

Søknadsskjema finnast på kommunen si heimeside under fanene:

Tenester → Helse-og-omsorg→



VELFERDSTEKNOLOGI

Kommunen har ei satsing på velferdsteknologi som del av tenesteytinga. Dette er ulike sensorar som kan gjere det tryggare for deg å bu heime og som varslar hjelpeapparatet dersom du treng tilsyn eller hjelp. Døme på slike sensorar er: dørvarslar, rørslesensor, fallalarm, medisineringsstøtte, tryggleiksalarm.

Tryggleiksalarm gjer det mogleg å komme i kontakt med pårørande, hjelpeapparatet, eller andre etter ønskje, ved å trykke på ein knapp som ein har på armen eller rundt halsen. Pris kr. 303,- per månad.

MATOMBRINGING

Utkøyring og levering av varm middag til heimebuande. Pris kr. 111,- per middag. Frivillige gjennom Jølster Frivilligsentral og heimetenesta står for utkøyring og levering av maten.

DAGTILBOD

Jølster omsorgssenter - Skei og Jølster omsorgssenter - Vassenden har dagtilbod med sosial og fysisk aktivitet for eldre som bur heime eller i omsorgsbustad. Ope 4 timar, 2-3 dagar i veka. Kroner 147,- per dag, pluss middag (kr 111,-) og evt transport til og frå dagtilbod (kr 53,- per veg).

DAGAKTIVITETSTILBOD TIL HEIMEBUANDE PERSONAR MED DEMENS – AKTIVITETSSENTER

Tilbod til heimebuande personar med demens og deira pårørande. Tilbodet består av ulike aktivitetar tilpassa den enkelte. Kontakt demensteamet for informasjon: 91658199. Kroner 147,- per dag, pluss middag (kr 111,-) og evt transport til og frå dagtilbod (kr 53,- per veg).

DAGOPPHALD I INSTITUSJON

Tilbod til heimebuande personar som treng dagopphald / dagavlasting i institusjon. Eigenbetaling er fastsett av staten (2018 pris var 80,- per dag).

HEIMEHJELP

Heimehjelp er hjelp til praktiske gjeremål i dagleglivet og kostnad vert rekna ut frå samla inntekt i familien (frå kr 205,- per måned til kr 254,- per time).

HEIMESJUKEPLEIE

Heimesjukepleie er nødvendig helsehjelp i heimen, for kortare eller lengre varigheit og er utan kostnad for brukaren.

KORTTIDSOPPHALD I INSTITUSJON (8 STK)

For opp trening / rehabilitering eller anna føremål. Eigenbetaling er fastsett av staten (2018 pris var kr 160,- per døgn). Prisen er per døgn i inntil 60 dagar pr. år, etter 60 dagar vert eigenbetalinga rekna ut etter inntekt.

OMSORGSBUSTAD (75 STK)

Omsorgsbustad skal gje eldre, uføre eller andre ein god bustad tilrettelagd for omfattande pleie og omsorg utanfor institusjon. Det føl ikkje tenester med bustaden, så tenester som nemnde over må også søkast på ved behov. Prisar mellom kr 6640,- og kr 7719,- per måned.

OMSORGSBUSTAD I BUFELLESSKAP MED HEILDØGNS PLEIE OG OMSORG

Dette er ein omsorgsbustad med heildøgns pleie og omsorg. Mat og reinhald/klesvask er inkludert i vedtaket. Omsorgsnivået tilsvarar sjukeheimsplass.

Jølster kommune har 25 omsorgsbustadar i bufellesskap, husleige inkludert mat og vaskeritenester har ein total kostnad per måned på kr 12 822,-.

STØTTEKONTAKT / TRENINGSKONTAKT

NAV tildeler dette og kan nåast på telefon 95 88 21 29. Ta kontakt for meir informasjon!

DØR-TIL-DØR TRANSPORT Ved spørsmål kontakt tenestekontoret på tlf. 57726153.

Tilbod for personar med funksjonshemming som har vanskar med å nytte seg av kollektive transportmiddel. Transportkort skal berre nyttast til fritidsreiser.

BUSTØNAD – HUSBANKEN Ved spørsmål kontakt tenestekontoret på tlf. 57726153.

Du kan søkje bustønad om husstanden din har låge inntekter og høge bukostnadar. Sjå www.husbanken.no for informasjon og søknadsskjema.

FØLGJEKORT Ved spørsmål kontakt tenestekontoret på tlf. 57726153.

Med fysiske eller psykiske funksjonshemmingar, treningskontakt eller støttekontakt kan du få følgjekort. Følgjekortet gir deg rett til å ha med ein assistent, som slepp å betale billett.